



Innkalling Formannskapet

Møtedato: 19.11.2014
Møtested: Børilden
Møtetid: 09:00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
234/14	Godkjenning av innkalling og saksliste
235/14	Godkjenning av møteprotokoll
236/14	Budsjettoppfølgning for perioden 01.01 . 30.09.14
237/14	Budsjett 2015 - Økonomiplan 2015 - 2018

Dato 13.11.2014

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
234/14	Formannskapet	PS	19.11.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø		14/1583

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
235/14	Formannskapet	PS	19.11.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit		14/1583

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 22.10.2014

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 22.10.2014
Møtestad: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 09:00 - 11:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordfører
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jan Olav Osen

Dato, 22.10.2014

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
222/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
223/14	Godkjenning av møteprotokoll
224/14	Meldingar
225/14	Delegerte saker
226/14	Orienteringssak
227/14	Sak 14/546 Rombehov ved kommunehuset - vidareføring av arbeidet
228/14	Søknad om bygging av bustadhus på gbnr. 158/70 på Lerøy - Dispensasjon
229/14	Planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006-Detaljregulering - Offentleg ettersyn
230/14	Kaiprosjektet – Prioriteringar 2014-15
231/14	Austrheim Idrettspark - innreiing av klubbhus
232/14	Etablering av hurtiglادestasjonar - Mastrevik Torg
233/14	Budsjettjustering nr. 2 2014

222/14: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 222/14 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

223/14: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 223/14 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

224/14: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 224/14 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

225/14: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 225/14 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

226/14: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Ordførarar Per Lerøy orienterte om møte den 21.10.14 vedrørande J. Sverdrup

Fellesframlegg:

Orienteringane vert teke til vitande.

FS - 226/14 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

227/14: Sak 14/546 Rombehov ved kommunehuset - vidareføring av arbeidet

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim fattar følgjande vedtak:

- Arbeidsgruppe for rombehov får mandat til å utvide arbeidsgruppa med representantar for tenestene som ikkje er representert.
- Arbeidsgruppe for rombehov fortsett arbeidet med å endeleg avklare behovet samt kartleggje interesse blant tomteeigarar og utbyggerar og kjem tilbake til Formannskapet med forslag til løysing for vidareføring av arbeidet.

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Fellesframlegg:

Formannskapet i Austrheim fattar følgjande vedtak: -Arbeidsgruppe for rombehov får mandat til å utvide arbeidsgruppa med representantar for tenestene som ikkje er representert.
-Arbeidsgruppe for rombehov fortsett arbeidet med å endeleg avklare behovet samt kartleggje interesse blant tomteeigarar og utbyggerar og kjem tilbake til Formannskapet med forslag til løysing for vidareføring av arbeidet. -Kommunal eigedom KB1 må også takast med i vurderinga.

Fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 227/14 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim fattar følgjande vedtak:

- Arbeidsgruppe for rombehov får mandat til å utvide arbeidsgruppa med representantar for tenestene som ikkje er representert.
 - Arbeidsgruppe for rombehov fortsett arbeidet med å endeleg avklare behovet samt kartleggje interesse blant tomteeigarar og utbyggerar og kjem tilbake til Formannskapet med forslag til løysing for vidareføring av arbeidet.
 - Kommunal eigedom KB1 må også takast med i vurderinga.
-

228/14: Søknad om bygging av bustadhus på gbnr. 158/70 på Lerøy - Dispensasjon

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet gjev dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona for oppføring av bustad som omsøkt på omsøkt plassering på gnr. 158, bnr. 70 på Lerøy. Grunngeving for vedtaket er gjeve under. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8. Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy gjekk frå som inhabil under handsaming av saka. Terje Håland tiltrådde møtelyden.

Varaordførar Helge Dyrkolbotn overtok møteleiinga under handsaming av saka.

Framlegg frå Liv Ulvøy:

Saka vert utsett og det vert synfaring i saka.

Framlegget fekk 2 røyster (Liv Ulvøy og Ernst Stellberg) og fall.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart derette vedteke med 4 røyster mot 1 røyst (Liv Ulvøy).

FS - 228/14 Vedtak:

Formannskapet gjev dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona for oppføring av bustad som omsøkt på omsøkt plassering på gnr. 158, bnr. 70 på Lerøy. Grunngeving for vedtaket er gjeve under. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8. Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

229/14: Planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006-Detaljregulering - Offentleg ettersyn

Rådmannen sitt framlegg:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 vedtek Austrheim kommune å senda planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006 til offentlig ettersyn. Plankart og føresegner er datert 15.10.2014.

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 229/14 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 vedtek Austrheim kommune å senda planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006 til offentleg ettersyn. Plankart og føresegner er datert 15.10.2014.

230/14: Kaiprosjektet – Prioriteringar 2014-15

Rådmannen sitt framlegg:

1. I kaiprosjektet 2014-2015 prioriterer ein tiltak på kaiområde i kategori A i tråd med tidlegare prioriteringsliste og saksutgreiinga.
2. Sikringstiltak som utplassering av redningsstigar og livbøyer vert gjennomført slik at dei er på plass før 01.05.2015.

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Reidar Øksnes bad om å gå frå som inhabil. Austrheim formannskap godkjente inhabiliteten og Reidar Øksnes gjekk frå under handsaming av saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 230/14 Vedtak:

1. I kaiprosjektet 2014-2015 prioriterer ein tiltak på kaiområde i kategori A i tråd med tidlegare prioriteringsliste og saksutgreiinga.
 2. Sikringstiltak som utplassering av redningsstigar og livbøyer vert gjennomført slik at dei er på plass før 01.05.2015.
-

231/14: Austrheim Idrettspark - innreiing av klubbhus

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen får fullmakt til å forkaste innkomne anbod, og ta kontakt med tilbydarane for å starte forhandlingar om pris med tanke på å få kostnadene innafør tildelt ramme.

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 231/14 Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å forkaste innkomne anbod, og ta kontakt med tilbydarane for å starte forhandlingar om pris med tanke på å få kostnadene innafør tildelt ramme.

232/14: Etablering av hurtigladestasjonar - Mastrevik Torg

Rådmannen sitt framlegg:

Det vert løyvd 75.000 til etablering av ladestasjonar for EL-bil på Mastrevik Torg. Løyvinga vert finansiert over post 801 – Tilleggsloøyvingar formannskapet.

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 232/14 Vedtak:

Det vert løyvd 75.000 til etablering av ladestasjonar for EL-bil på Mastrevik Torg. Løyvinga vert finansiert over post 801 – Tilleggsloøyvingar formannskapet.

233/14: Budsjettjustering nr. 2 2014

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justering av budsjettet for 2014:

Ansvar	Kontotekst:	Auka utg.	Red. utgift	Auka innt.	Red. innt.
Skatt , rammet.	900	Eigedomsskatt			-300 000

Skatt , rammet.	900	Reusert skatteinngong			3 000 000
Skatt , rammet.	900	Inntektsutjamning		-1 800 000	
Til fordeling	900	Auke sjukerefusjonar			-1 300 000
Skatt , rammet.	900	Flykningtilskot 11 flyktningar			-2 000 000
Skatt , rammet.	900	Ny avsetnad - premieavvik	1 000 000		
Skatt , rammet.	900	Medfinans.somatisk sykeh.	500 000		
Skatt , rammet.	900	Mindre bruk disp. fond			1 315 000
Andre overord.	899	Premieavvik 2014			-1 000 000
Rådmann	100	Selskapskontroll	160 000		
Rådmann	100	Auka inntekt lærlingar			-200 000
Rådmann	100	Auka løn lærlingar	322 000		
Rådmann	100	Auka utgift ikt	600 000		
Rådmann	100	Auka sjukerefusjon			-400 000
Rådmann	100	Auke løn ekstra medarb.	300 000		
Adm.undervisn.	200	Auka løn vaksenoppl.	600 000		
Adm.undervisn.	200	Auka tilskot			-600 000
Familiekont.	201	Konsulentonorar	700 000		
Årås skule	210	Reduksjon løn		-600 000	
Nordliheimen	330	Tenestekjøp legevakt/aufera	400 000		
Kjøkken Nordl.h	331	Kjøp av mat	200 000		
Heimehjelp II	333	Merinnt. ressursdrevjande			-600 000
Heimehjelp II	333	Auka løn	400 000		
Plan, bygg	500	Auka gebyr			-300 000
Landbruk	501	Reduksjon tilskot		-300 000	
Tilleggsøyving F	801	F-sak 142/14	43 000		
Tilleggsøyving F	801	F-sak -Tilskot TV-aksjon	20 000		
Kystbarnehage	220	K-068/14- Auka bemanning	42 000		
Tilleggsøyving K	802	K-068/14- Auka bemanning			-42 000
Tilleggsøyving K	802	K-sak 103/14- Selsk.kontr.			-160 000
Investering	99	K-sak110/14-Bruk av rehab.			-250 000
Investering	99	K-sak110/14-Bruk av rehab.	250 000		
Investering	99	K-sak 112/14-Kjøp paviljong	480 000		
Investering	99	K-sak112/14-Bruk kom.veg.			-480 000
Investering	99	K-sak114/14-Vatn Øyane	2 130 000		
Investering	99	K-sak 114/14- Rehabilitering			-2 130 000
Investering	99	K-sak 09/14 - Bruk omsorgb.			-349 500
			8 496 500	-2 700 000	-10 111 500
					4315000

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 233/14 Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justering av budsjettet for 2014:

Ansvar	Kontotekst:	Auka utg.	Red. utgift	Auka innt.	Red. innt.
Skatt , rammet.	900	Eigedomsskatt		-300 000	
Skatt , rammet.	900	Reusert skatteinngong			3 000 000
Skatt , rammet.	900	Inntektsutjamning	-1 800 000		

Til fordeling	900	Auke sjukerefusjonar		-1 300 000	
Skatt , rammet.	900	Flykningtilskot 11 flyktningar		-2 000 000	
Skatt , rammet.	900	Ny avsetnad - premieavvik	1 000 000		
Skatt , rammet.	900	Medfinans.somatiske sykeh.	500 000		
Skatt , rammet.	900	Mindre bruk disp. fond			1 315 000
Andre overord.	899	Premieavvik 2014		-1 000 000	
Rådmann	100	Selskapskontroll	160 000		
Rådmann	100	Auka inntekt lærlingar		-200 000	
Rådmann	100	Auka løn lærlingar	322 000		
Rådmann	100	Auka utgift ikt	600 000		
Rådmann	100	Auka sjukerefusjon		-400 000	
Rådmann	100	Auke løn ekstra medarb.	300 000		
Adm.undervisn.	200	Auka løn vaksenoppl.	600 000		
Adm.undervisn.	200	Auka tilskot		-600 000	
Familiekont.	201	Konsulentonorar	700 000		
Årås skule	210	Reduksjon løn		-600 000	
Nordliheimen	330	Tenestekjøp legevakt/aufera	400 000		
Kjøkken Nordl.h	331	Kjøp av mat	200 000		
Heimehjelp II	333	Merinnt. ressursdkrevjande		-600 000	
Heimehjelp II	333	Auka løn	400 000		
Plan, bygg	500	Auka gebyr		-300 000	
Landbruk	501	Reduksjon tilskot		-300 000	
Tilleggsøyving F	801	F-sak 142/14	43 000		
Tilleggsøyving F	801	F-sak -Tilskot TV-aksjon	20 000		
Kystbarnehage	220	K-068/14- Auka bemanning	42 000		
Tilleggsøyving K	802	K-068/14- Auka bemanning		-42 000	
Tilleggsøyving K	802	K-sak 103/14- Selsk.kontr.		-160 000	
Investering	99	K-sak110/14-Bruk av rehab.		-250 000	
Investering	99	K-sak110/14-Bruk av rehab.	250 000		
Investering	99	K-sak 112/14-Kjøp paviljong	480 000		
Investering	99	K-sak112/14-Bruk kom.veg.		-480 000	
Investering	99	K-sak114/14-Vatn Øyane	2 130 000		
Investering	99	K-sak 114/14- Rehabilitering		-2 130 000	
Investering	99	K-sak 09/14 - Bruk omsorgb.		-349 500	
			8 496 500	-2 700 000	-10 111 500 4315000

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
236/14	Formannskapet	PS	19.11.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 150	14/350

Budsjettoppfølging for perioden 01.01 . 30.09.14

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming utan framlegg til vedtak.

Saksopplysninger:

Saka vert lagt fram til handsaming i møtet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
237/14	Formannskapet	PS	19.11.2014
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 112, HistSak - 10/1011	14/860

Budsjett 2015 - Økonomiplan 2015 - 2018

Vedlegg:

Budsjett 2015 - Merknader

Budsjett 2015 - Talbudsjett

Framlegg til vedtak:

1. Budsjett 2015 – Økonomiplan 2015-2018, vert vedteke slik det ligg føre i vedlagde

tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einkilde åra:

Rammeområde	2015	2016	2017	2018

2. Total ramme for 2015 til fordeling drift vert kr. 170.901.000

3. Nettorammene på dei einkilde ansvarsområda vert fastsett til
(alle tal er oppført i 2015-kroner):

Rammeområde	2015	2016	2017	2018
100 Rådmann	17 031	16 683	16 831	16 831
101 Politisk styring og kontrollorgan	3 390	3 390	3 390	3 390
190 Interne serviceeiningar til fordeling	4 740	4 740	4 740	4 740
200 Adm.undervisning og kultur	1 687	1 687	1 687	1 687
201 Familiekontor	8 884	8 584	8 284	7 984
210 Årås skule	23 171	23 171	23 171	23 171
211 Kaland skule	12 877	12 877	12 877	12 877
220 Austrheim kystbarnehage	12 851	12 851	12 851	12 851

221	Kaland barnehage	8 623	8 623	8 623	8 623
250	Musikk og kulturskule	1 607	1 607	1 607	1 607
251	Bibliotek	1 451	1 451	1 451	1 451
255	Anna kultur	2 404	2 454	2 504	2 504
290	Undervisn./arbeidssenter	1 657	1 657	1 657	1 657
300	Adm. Helse/sosial	522	522	522	522
301	Helseteneste	7 554	7 554	7 554	7 554
302	Sosiale tenester	3 887	3 887	3 887	3 887
330	Nordliheimen	22 000	22 000	22 000	22 000
331	Kjøkken/vaskeri	3 564	3 564	3 564	3 564
332	Heimetenester I	9 786	9 786	9 786	9 786
333	Heimetenester II	7 811	7 811	7 811	7 811
500	Plan, byggesak, miljø	2 229	2 279	2 329	2 329
501	Interkomm.landbruk/veterin	600	600	600	600
600	Tekniske tenester	-1 722	-2 122	-2 522	-2 522
604	Eigedomsavdeling	9 378	9 378	9 378	9 378
605	Reinhaldsavdeling	5 112	5 122	5 122	5 122
800	Tilleggsøyvingar-Næring	875	625	125	125
801	Tilleggsøyvingar-Formanns	250	250	250	250
802	Tilleggsøyvingar-K.styret	351	351	351	351
803	Tilleggsøyvingar-Rådman	750	725	600	600
804	Tilleggsøyving - Ordførar	50	50	50	50
899	Andre overordna utg./innt.	-2 819	-2 419	- 2 019	- 1 619
900	Momsrefusjonsordninga	175	175	151	151
900	Sammhandlingsreformen	0	0	0	0
	Til fordeling drift	170 726	169 903	169 202	169 352

4. Den totale investeringsramma for år 2015 vert sett til kr. 18.090.000.

Som vert finansiert som følger:

Ordinært låneopptak:	16.290.888
Overføring frå drift-Investeringstilskot sokneråd	300.000
Overføring frå drift-netto avdrag på utlån	500.000

I tillegg vert det tatt opp fylgjande lån:

Lån til vidare utlån	2.000.000
-----------------------------	------------------

Vekta avdragstid på låneopptak for 2015 vert fastsett til 25 år

5. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av saksutgreiinga.Måla er under revisjon og kan bli endra ved seinare kommunestyrevedtak.

6. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversiktar, med bakgrunn i gjevne driftsrammer.

7. I medhald av eigedomsskattelova §§3 og 4, vert utskrivninga av eigedomsskatt på verk og bruk vidareført i 2015 med 7,0 promille.

8. Marginavsetnaden vert fastsett til 11%.

9. Det vert søkt om avdragsutsetting for låna i kommunalbanken for 2014 og 2015 slik at avdrag vert betalt med 3,5% av lånegjelda pr. 31.12.14.

Saksopplysninger:

Sjå vedlagt merknader til budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018 og vedlagt taltabell.

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015 -2018.

Innhald:

1. Innleiing	Side 1
2. Mål	« 1
3. Fylkesmannen sitt budsjettrundskriv for 2015	« 5
4. Rådmannen sine kommentar til nokre av punkta i skriv frå fylkesmannen	« 12
5. Økonomisk oversikt	« 13
6. Rådmannen sine kommentarar til dei einstilte endringane ved rammeområda	« 14
7. Utvikling i netto driftsresultat	« 17
8. Investeringar	« 18
9. Vurdering	« 19
10. Økonomiplanen 2015 – 2018	« 21
11. Rådmannen sine konklusjonar	« 21

1. Innleiing

Dette dokumentet er rådmannen sin gjennomgang av budsjettet for 2015 og økonomiplanen for perioden 2015 – 2018. Det inneheld rådmannen sine prioriteringar for 2015 og åra framover.

2. Mål

Austrheim har utarbeidd fylgjande slagord som er utvikla saman med logoen.

“Austrheim – opne landskap, ope sinn”

Kommunen har fylgjande visjon:

Vår visjon er:

“Handling og samhandling – med fokus på gode tenester”

Visjonen er basert på fylgjande kjerneverdier.

Våre kjerneverdier skal vera:

“Tydeleg, ansvarleg og raus”

For å kunna gjera framlegg om riktige økonomiske rammer for den kommunale drifta, er det vesentleg å vita kva som er dei overordna måla for drifta. Desse måla skal gjenspeila seg i korleis rammene vert fordelt og korleis midlane vert prioritert innafor kvar einskild ramme.

Dei fylgjande måla vart vedtatt i perioden 2005-2008. Det vart vedtatt at i løpet av første delen av 2013 skulle det arbeidast med evaluering og rullering av målformuleringane. Dette arbeidet har vorte utsett og er ikkje kome i gang enno.

Austrheim kommune har fylgjande 2 offensive hovudmålformuleringar:

- a) Austrheim Kommunen skal eksistere som eigen kommune
- b) Austrheim Kommune skal vera eit regionsenter i nord for ein eventuell storkommune i Nordhordland eller i ein samanslutning av fleire kommunar med nær geografisk tilknytning.

Deretter vart alle dei overordna hovudmålsetjingane vedteke i K-sak 092/05 og sist justert, rullert og stadfesta av Kommunestyret juni 2011:

- **Hovudmål 1 - Austrheim vil framleis vera eigen kommune**
 - Dei kommunale tenestene skal ha best mogleg kvalitet. Kostnadseffektivitet skal ikkje svekka kvaliteten på tenestene
 - Gjennom kompetanseheving og god personalomsorg utvikla gode kommunale leiarar og kommunalt tilsette
 - Gjennom god økonomistyring skal kommunen til ei kvar tid ha ein god økonomisk handlefridom
 - Søkja å oppnå forpliktande interkommunalt samarbeid, der dette er mest tenleg
 - Syte for at politisk nivå til ei kvar tid har eit best mogleg avgjerslegrunnlag
- **Hovudmål 2 - Austrheim vil tilrettelegga for auka folketal**
 - Gjennom godt samarbeid med næringslivet vil vi tilrettelegga for fleire arbeidsplassar
 - Gjennom arealplanlegging og i god dialog med innbyggjarane, vil tilrettelegga for eit differensiert bustadtilbod
 - Gjennom ulike samarbeidstiltak vil vi tilrettelegga for auka trivsel

- **Hovudmål 3 - Austrheim vil vidareutvikla seg som ein livskraftig kommune**
 - Gjennom effektivisering, omstilling og modernisering gi best mogleg service til informasjon til innbyggjarane.
 - Gjennom bruk av prosjektmidlar få til ei utvikling som fokuserer Austrheim som attraktiv og sær eigen
 - Marknadsføra og profilera Austrheim kommune i samarbeid med næringslivet og organisasjonane
 - Gjennom fokus på miljø og berekraftig utvikling, framstå som ein kommune med klårt framtidsretta perspektiv

- **Hovudmål 4 - Austrheim vil utvikla endå betre kommunale tilbod**
 - Vi vil vidareutvikla og forbetra oppvekstvilkåra for barn og unge
 - Vi vil vidareutvikla og forbetra pleie- og omsorgstenestene
 - Vi vil vidareutvikla og forbetra dei andre kommunale tenestetilboda
 - Vi vil prioritera rask og rettvis sakshandsaming for innbyggjarane

- **Hovudmål 5 - Austrheim skal ha ei tenleg ordning for beredskap og samfunnstryggleik**
 - Beredskapsplanar skal til ei kvar tid vera oppdatert og kjent for impliserte aktørar
 - Gjennomføra øvingar regelmessige og elles etter behov
 - Sikre at risiko- og sårbarheitsanalysar vert ein naturleg del av planlegginga
 - Sikre eit best mogleg nivå på brann- og redningstenesta
 - Søkje interkommunale samarbeid, der dette er tenleg for innbyggjarane

Mange av desse måla er naturleg knytt til den daglege drifta og til det å vera ein dynamisk og servicevenleg organisasjon. Andre er meir spesifikke og krev særskilt prioritering og fokus for å nå. Alle måla vil likevel vera ei rettesnor for drifta av kommunen i heile planperioden.

Tilliks med hovudmåla, så vart rådmannen sine delmål stadfesta i økonomiplanvedtaket i juni 2011. Under følgjer ei oppstilling av desse.

- **Reduksjonar skal ikkje svekka kvaliteten på tenestene**
 - Finne nye samarbeidskonstellasjonar internt og eksternt
 - Prøva ut nye måtar å løyse oppgåvene på m.m.

- **Prioritering mot kompetent og synleg leiing**
 - Gjennomføra kontinuerleg leiarutvikling der OU-midlane vert nytta i størst mogleg grad
 - Vektlegga leiing i kvardagen

- **Generell kompetanseheving**
 - Medvitne og planmessig opplæringsprogram
 - Personalet vert oppmoda og stimulert til fagleg og personleg utvikling
 - I den grad det er mogleg, vert arbeidstilhøva lagt til rette for personleg utvikling

- **Ta vare på og auka den økonomiske handlefridomen**
 - Fokus på prosessar, økonomireglement, økonomisk planlegging, rapportering og budsjett disiplin
 - Det skal arbeidast for til ei kvar tid å få eit driftsresultat på min. 3% av samla driftsinntekter.

- Kommunen skal ikkje hamna i Fylkesmannen si betinga kontrolliste (ROBEK). Økonomien skal planleggast og styrast slik at det ikkje vert naudsynt med driftsreduksjonar for driftsåra 2014-2018
- Utvikla tenestetilboda med utgangspunkt i ei nøktern økonomisk ramme
- Styre drifta slik at ein unngår bruk av overtidsbetaling
- **Auka fokus på prosjektarbeid**
 - Samarbeid med t.d. næringslivet om utvikling av tenesteyting
 - Fokus på nye metodar for oppgåveløysing. Finna positive prosjekt og alternative finansieringskjelder
- **Hente ut rasjonaliserings- og effektiviseringsvinstar**
 - Etablering og utvikling av elektroniske betalings- og informasjonsformidlingssystem
 - Kople saman fagsystem mot sentralt saksbehandlingsverktøy, personal- og økonomisystem
 - Gjennom ei samla kommunal prosjektsatsing, søke å fjerne all unødvendig papirflyt
 - Gjennom ei samla kommunal prosjektsatsing, utvikle ulike ENØK-tiltak
 - Søkje å vri stønadutbetalingar frå sosialhjelp/sosiallån til bustønad/startlån
- **Samle organisasjonen – opptre samla**
 - Få to-nivåmodellen til å fungera etter intensjonen
 - Gjennom medvitne handlingar, skape felles møteplassar, felles mål og felles identitet
 - Auka fokus på samarbeid mellom avdelingar i eigen kommune
- **Samle kommunen – profilere positivt**
 - Utvikla og gjennomføra felles profileringsprogram
 - Spreie positive saker og omtale gjennom dei ulike informasjonskanalar som er til rådvelde
 - Opptre med ei røyst i media og på innbyggjarane sine møteplassar
 - Vera medviten og spreie positiv omtale om medarbeidarar og sambygdingar
 - Ta i bruk og tilby rasjonelle, moderne og tilpassa tenester til våre ulike typar av brukarar
 - Gjennom god og tidsriktig miljøfokus, verte profilert som ein kommune som søker å oppnå ei berekraftig utvikling
 - Setje auka fokus på kulturlandskapet
- **Vera eigen kommune**
 - Syte for at det til ei kvar tid er rett og tilstrekkeleg kompetanse
 - Tilby omliggande kommunar naudsynte tenester og høg kompetanse
 - Vera ein positiv aktør og premissleverandør i interkommunale samarbeid, uavhengig av kven som er vertskapskommune
 - Framstå samla og med felles mål
 - Arbeide for å ta vare på naturressursane i eigen kommune, herunder utvikla nærmiljø og aktuelt kystkulturlandskap
- **Personalomsorg**
 - Unngå oppseiingar i nedskjeringsprosessar
 - Gjennomføra ein god seniorpolitikk, stimulera til å stå løpet ut
 - Gjennomføra medarbeidarsamtalar og lønssamtalar
 - Legge til rette for nyrekruttering, m.a. med auka bruk av lærlingar

- Styre drifta slik at ein unngår bruk av unødig overtid
- **Syte for at politisk nivå har eit best mogleg beslutningsgrunnlag**
 - Til ei kvar tid halde oversiktar over kommunale eigedomar og vedlikehaldsbehov, personell og rekrutteringsbehov m.m.
 - Utvikla vidare og gjennomføra vedlikehaldsplan, rekrutteringsplan m.m.
 - Utarbeide andre planar som syner forventna bruk av mindre årvisse budsjettpostar i investeringsbudsjettet
 - Vera forutsjåande på kva som vert dei største utfordringane for vår kommune, etter kvart som utviklinga i Mongstad-område går fram
 - Klargjere forventningar til levering av kommunale tenester i samfunnet vårt. Synleggjere samanhengar mellom økonomisk behov og kvalitetsnivå / tenestefang
- **Førebuing til ei dobling av tal eldre i kommunen**
 - Prioritering av Omsorgsplan 2015
 - Prioritering av å få til ei i deltaking internt- og ei god implementering av Samhandlingsreforma
 - Finne den optimale vektinga for bruk av institusjonstenester og heimebasert omsorg
 - Legge handlingsplanar som er realistisk for gjennomføring og som samsvarar med økonomiske føresetnader

Med basis i dei hovudmål som kommunestyret har vedteke, den visjonen som er fastsett, samt dei delmål som vert utleda av hovudmåla, vert verksemdsplanar utarbeidd for den einskilde avdeling.

Det må vera ein intensjon at målformuleringane i størst mogleg grad skal vera "SMARTE":

Spesifikke Målbare Aksepterte Realistiske Tidsbestemte Essensielle

Hovudmålsettingane med visjon er under revisjon og vil bli vedteke ultimo 2014 eller primo 2015.

3. Fylkesmannen sine kommentarar til nokre av punkta i skrivet frå fylkesmannen

Fylkesmannen har i skriv av 08.10.14 skissert fylgjande kommuneopplegg for statsbudsjettet 2015:

«Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til statsbudsjett for 2015. Vi tek i innleiinga med den viktigaste endringa for inneverande år.

I brevet betyr "kommunane" primærkommunane, det vil seie ikkje kommuneforvaltninga samla.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2014

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år med i underkant av 3,0 prosent. Dei pårekna skatteinntektene er no justerte ned med kr. 750 mill. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med dette justert ned frå 3,0 prosent til i underkant av 2,4 prosent.

Lågare skattevekst i år enn tidlegare pårekna, har samanheng med noko svakare vekst i norsk økonomi, også litt lågare lønsvekst.

Nedjusteringa av skatteinntektene i år skal ikkje ha innverknad på kommunane sitt inntekts-nivå samla i 2015.

Prisindikatoren for kommunal tenesteyting var i revidert nasjonalbudsjett 3,0 prosent. Lønsvekst utgjer i underkant av 2/3 av prisindikatoren og var 3,3 prosent. Prisvekst på varer og tenester utgjer resten av prisindikatoren.

Prisindikatoren og pårekna lønsvekst for i år er no uendra i høve til revidert nasjonalbudsjett.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2015

Prisindikatoren for 2015 er i framlegget 3,0 prosent. Prisindikatoren blir nytta til prisjustering av statleg rammeoverføring og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

Prisindikatoren består av :

Lønsvekst	3,3 prosent
Varer og tenester	2,5 prosent
Samla prisvekst	3,0 prosent

Skatteinntekter

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 med 4,7 prosent. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år.

Skatteøyret for kommunane er i 2014 11,4 prosent. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 11,25 prosent for 2015.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere 40 prosent. I denne samanheng er det mellom anna teke omsyn til uttrekk av omlag kr. 5,7 mrd. frå rammetilskot, som følgje av avvikling kommunalt medfinansieringsansvar i Samhandlingsreforma, og nye reglar for skatt av uføretrygd.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Dei frie inntektene samla i 2015 for kommunane er på same nivå som signalisert i kommune-proposisjonen. Lågare skatt i 2014 skal ikkje ha innverknad på inntektsnivået i 2015.

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2015. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2013. I høve til dette grunnlaget er det justert for pårekna skatteutvikling i 2014 og 2015.

I berekning av skatteprognose for 2015 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2013 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2013. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Kommunane kan ta utgangspunkt i prognosen for frie inntekter, men må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutvikling. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2015 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i rammeoverføring frå 2014 til 2015 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt :

- verknad av endringar i inntektssystemet
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endra kriteriedata og befolkning
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot

Prisjustering frå 2014 til 2015 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2014 til 2015 med om lag 3,9 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten er realauke, det vil seie at prisjustering til 2015 - kroner kjem som ei påplussing.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2014 til 2015 for ein stor del skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

a)Befolkningsutvikling

Meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, mellom anna fleire eldre. Meirutgifter knytt til befolkningsveksten som må bli dekte av veksten i dei frie inntektene for kommunane kan reknast til om lag kr. 2,1 mrd. Heile denne utgiftsveksten er knytt til primærkommunane.

Pårekna meirutgifter knytt til befolkningsutviklinga som må bli dekte av dei frie inntektene er no redusert til 2,1 mrd. , frå kr. 2,7 mrd. i kommuneproposisjonen. Dette skuldast nye befolkningsframskrivingar som gjer uttrykk for ei lågare befolkningsvekst enn i tidlegare framskrivingar. Reduksjonen er i hovudsak knytt til pårekna nedgang i talet på barn i barnehagealder, medan det tidlegare var rekna med vekst i denne aldersgruppa.

Meirutgifter - i samband med befolkningsutviklinga - utover dei nemnde kr. 2,1 mrd., er rekna med å bli dekte av andre inntekter t.d. leigeinntekter, gebyr m.m.

b)Pensjonskostnader

Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne meirutgifta, ut over pris-kompensasjon, reknast til om lag kr. 0,45 mrd.

Auken i pensjonspremie har samanheng med lønsutviklinga, låg rente og auka levealder. Redusert amortiseringstid for premieavvik (for nye premieavvik f.o.m. 2014) frå ti år til sju år vil ha budsjetteffekt frå 2015 og bidra til auka amortiseringskostnader og derav auka pensjonskostnader.

c)Rusproblem og psykiske lidningar

Kr. 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til behovet for å styrka dei kommunale tenestene til personar med rusproblem og personar med psykiske lidningar.

d)Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Kr. 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til behovet for å styrka helsestasjon- og skulehelsetenesta. Dette er ei ekstra satsing frå tilskotsnivået i 2014, det vil seie frå kr. 180 mill. i 2014 til kr. 380 mill. i 2015.

e)Meir fleksible barnehageopptak

Regjeringa vil arbeide for meir fleksible barnehageopptak. Kr. 100 mill. av veksten i kommunane sine frie inntekter er retta inn mot å redusera ventetida for å få barnehageplass.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2014 til 2015 med 4,8 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år (reduisert med lågare skatt). Med pårekna prisvekst i kommunesektoren på 3,0 prosent, svarer dette til ein realauke på 1,8 prosent i frie inntekter for kommunane samla i landet frå 2014 til 2015.

For kommunane samla i Hordaland (med Bergen kommune) er den nominelle veksten i dei frie inntektene rekna til 5,4 prosent. For Bergen kommune er pårekna inntektsvekst 5,3 prosent. For kommunane samla i fylket utanom Bergen, har høgare pårekna vekst i dei frie inntektene enn landsgjennomsnittet, samanheng med at fleire kommunar kjem positivt ut av omlegginga i veksttilskotet.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanheng. Utrekna prosentvekst - som nemnd i avsnittet over - i dei frie inntektene, er korrigert for oppgåveendringar, slik at endring i rammeoverføring i denne samanheng ikkje er rekna med i den nemnde prosentveksten.

I tillegg til punkta under, vil også bortfall av kompensasjon i samband med Samhandlings-reforma vere ei slik oppgåveendring.

Barnehagar

Regjeringa gjer framlegg om å auka maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehagar reelt med kr. 100,- pr. måned til kr. 2.580,- frå 01. januar 2015. Rammetilskotet til kommunane blir som følgje av dette redusert med kr. 312 mill.

Regjeringa gjer framlegg om å innføra eit minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Foreldrebetalinga for ein heiltidsplass i barnehage skal årleg maksimalt ut-gjere 7 prosent av familien sine samla inntekter, med iverksetjing frå 01. august 2015. Det blir gitt kompensasjon gjennom rammetilskotet til kommunane med kr. 111,6 mill.

I statsbudsjettet for 2014 vart rammetilskotet redusert som følgje av at det var venta mindre etterspurnad etter barnehageplassar som følgje av auka kontantstønad for eittåringar. I revidert nasjonalbudsjett vart dette delvis reversert, slik at det i 2014 er ein netto effekt av uttrekket på rammetilskotet. Dette uttrekket (nettoverknad) får ein heilårsverknad på rammetilskotet i 2015, kr. 243.4 mill. i trekk.

Heilårsverknad i 2015 av opptrappinga av minimumstilskotet til ikkje - kommunale barnehagar frå 96 prosent til 98 prosent frå 01. august 2014. det blir gjeve kr. 95,9 mill. i kompensasjon over rammetilskotet.

Auka kommunal eigendel i statlege barnevernsinstitusjonar

Regjeringa gjer framlegg om å auka den kommunale eigendelen ved plassering i barnevernsinstitusjonar til inntil om lag kr. 65.000,- pr. måned frå 01. januar 2015. Det er framlegg om kompensasjon i rammetilskotet for 2015 med kr. 164,8 mill.

Nytt valfag i ungdomsskolen

Det er innført 1 ½ time valfag (to «skuletimar») i veka pr. årstrinn i ungdomsskolen. Det er innført for 8. trinn frå hausten 2012, 9. trinn frå hausten 2013 og er utvida til 10. trinn frå hausten 2014.

Det blir lagt inn auka kompensasjon i rammetilskotet for 2015 for heilårsverknad av opp-trappinga i 2014 for 10.trinn, kr. 98,4 mill. i kompensasjon.

Kulturskuletilbod i skulen/SFO

Ordninga med ein veketime kulturskuletilbod i skule/SFO - tida (første til fjerde barnetrinn) er avvikla frå og med skuleåret 2014 - 2015. Bortfall av kompensasjon får heilårsverknad i 2015, kr. 108 ½ mill. i trekk.

Gratis frukt og grønt

Ordninga med gratis frukt og grønt på skuler med ungdomstrinn er avvikla frå og med skule-året 2014 - 2015. Bortfall av kompensasjon får heilårsverknad i 2015 med kr. 154 ½ mill. i trekk.

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Stortinget har vedteke endringar i lov om brukar- og pasientrett frå og med 2015, som inneber ein rett til å få tenester organisert som personleg brukarstyrt assistanse. Det omfattar tenester etter helse- og omsorgstenestelova for personar under 67 år. Dei samla meirkostnadene er rekna til kr. 300 mill. i 2015, aukande til kr. 500 mill. i 2016. Kommunane blir kompensert gjennom ein auke i rammetilskotet med kr. 300 mill. i 2015.

Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2015. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rentekompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over åtte år frå og med 2009. For 2015 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekompensasjon, kr. 3,0 mrd.

Investeringsramma omfattar både kommunane og fylkeskommunane. Ordninga blir administrert av Husbanken.

Samhandlingsreform

Reforma blei innført frå 01. januar 2012.

I 2012 vart det lagt inn i rammeoverføring i overkant av kr. 5 mrd. til kommunal med- finansiering og kr. 560 mill. til betaling for utskrivingsklare pasientar (2012-kroner).

Ordninga med kommunalt medfinansieringsansvar (20 prosent av utgiftene i sjukehus) blir avvikla i 2015. Kompensasjon for ansvaret for medfinansiering, om lag kr. 5,7 mrd., blir difor trekt ut av rammeoverføring til kommunane i 2015. Den samla ramma for kommunane for uttrekk er basert på pårekna faktiske utgifter til med-finansiering i 2015 dersom kommunane framleis hadde hatt dette ansvaret. Trekket mellom kommunane blir fordelt etter delkostnads-nøkkelen for samhandlingsreforma, ikkje faktiske utgifter til medfinansiering i den einskilde kommune.

Kompensasjon for betaling for utskrivingsklare pasientar blir i 2015 vidareført med pris-justering og fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg.

Døgnopphald - hjelp

Det blir ein plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med behov for hjelp med ein gong. Det har vore lagt opp til ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane får tid til å bygge opp tenesta.

2015 er det siste året i opptrappingsplanen over fire år. Finansieringa er delt mellom halv-delen som øymerka tilskot og halvdelen frå dei regionale helseføretaka når tilbodet er blitt etablert.

Dagtilbod demente

Det øymerka tilskotet til dagaktivitetstilbod for demente vert styrka.

Sjukeheimplassar og omsorgsbustader

For 2015 er det framlegg om å gje tilsegn om tilskot for om lag 2500 nye einingar med heildøgns omsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar.

Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er kr. 2.885.000,- i 2014. Dette grunnlaget vert auka i 2015.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øymerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei vert 67 år. Det har vore ein betydeleg auke i talet på mottakarar og utgifter pr. tenestemottakar. Staten sitt samla tilskot har difor auka mykje over fleire år, og utgiftene veks framleis mykje. Samla utbetaling var kr. 7 ¼ mrd. i 2014.

Det er lagt opp til følgjande for 2015:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon vert auka pr. brukar frå kr. 1010.000,- til kr. 1080.000,- for netto utgifter i 2014. Denne auken i innslagsnivå er større enn på-rekna lønsvekst frå 2013 til 2014. Føremålet med auken i innslagsnivå utover løns-vekst, er å stramma tilskotsordninga noko inn.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2015 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2014. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i same året som utgiftene har vore.

Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre), som del av rammeoverføring, blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øymerka tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Endring arbeidsgjevaravgift

31 kommunar i landet er frå 01.juli i år overførte til sone med lågare arbeidsgjevaravgift. I Hordaland er kommunane Tysnes, Kvinnherad og Jondal overførte frå sone 1a til sone 2 frå 01.juli i år. Det blir ikkje gjort noko trekk i rammeoverføring / skjønstilskot for 2014. For 2015 blir følgjande trekk gjort i rammeoverføring (utanom skjønstilskot), som svarer til pårekna reduksjon i avgift :

Tysnes,	kr. 4,5 mill.
Kvinnherad	kr. 22,3 mill.
Jondal	kr. 2,0 mill.

Grunnlaget for pårekna avgiftsreduksjon er løn i 2012, framskriven med pårekna lønsvekst frå 2012 til 2015.

Inntektssystemet i 2015

Inntektsutjamning av skatteinntekter i høve til landsgjennomsnittet blir vidareført med 60 %. Tilleggskompensasjon (35 % under skattenivå 90 % av landsgjennomsnittet) blir vidareført.

Kommunane med under 3200 innbyggjarar får småkommunetilskot, dersom kommunen sitt skattenivå var under 120 prosent av landsgjennomsnittet for dei siste tre åra i gjennomsnitt. Det er frå og med 2011 gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som har årleg tap på over kr. 100,- pr. innbyggjar i samband med endringane i inntektssystemet i 2011. Samla kompensasjon til kommunane i landet er om lag kr. 400 mill. årleg. Denne ramma blir fordelt av Kommunaldepartementet mellom kommunane. Ramma blir vidareført på same nivå i 2015 som i dei førre åra, for dei aktuelle kommunane. Fordelinga mellom kommunane ligg fast til neste revisjon av kostnadsnøklane i inntektssystemet.

Ordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i ramme-tilskotet meir enn kr. 300,- pr. innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øymerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar og endringar i kriteriedata. Endringa i distriktstilskotet for Sør-Noreg frå 2014 til 2015 og bortfall kompensasjon for kommunal medfinansiering blir også teken omsyn til gjennom overgangsordninga.

Telletidspunktet er innbyggjarar pr. 01.07. i år for innbyggjartilskot og for utgiftsutjamninga, med aldersfordeling, som grunnlag for rammeoverføring i 2015. For inntektsutjamninga i 2015 er telletidspunktet 01.01.2015. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling, er telletidspunktet 01.01.2014 for rammeoverføring i 2015.

Det er endring i ordningane for veksttilskot og distriktstilskot frå og med 2015. Tilskotsbeløp går fram av vedlagt tabell. Vi viser til nærare omtale om endringane i vårt brev av 20. mai d.å. om kommuneproposisjonen.

For veksttilskotet er det no i framlegget til statsbudsjett lagt opp til følgjande endringar i høve til kommuneproposisjonen ;

a)vekstgrensa vert redusert frå 1,7 prosent til 1,6 prosent av gjennomsnittleg årleg folketals-vekst dei siste 3 åra.

b)tilskotssats for kvar ny innbyggjar ut over vekstgrensa blir redusert frå kr. 60.000,- til kr. 55.000,-.

Skjønstilskot

Fylkesmannen vil senda grunngevinga for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2015 som e – post.

Kommunereform

Vi har i vårt brev av 20. mai d.å. om kommuneproposisjonen omtalt dei økonomiske verke-midla i reformperioden.

Det er lagt opp til at minstegrensa - med omsyn til innbyggjartal i ny kommune - for å få reformtilskot, vert teken bort. Også ny kommune med under 10 000 innbyggjarar vil få reformtilskot med kr. 5 mill.

Elles er det ikkje lagt opp til andre endringar i høve til kommuneproposisjonen med omsyn til økonomiske verkemiddel. »

4.Rådmannen sine kommentar til nokre av punkta i skrivet frå fylkesmannen

Kostnadsvekst

Kostnadsveksten i budsjettet rådmannen legg fram er lagt opp til 3,3% på lønn og 2,0% på varer og tenester. I gjennomsnitt vert dette 3,0% på grunn av at lønn er største delen av budsjettet. Dei frie inntektene er i rammeoverføringane frå staten auka med 4,0% . Dette gjev ei gjennomsnitt på heile landet med 4,8% og for Hordaland 4,8%.

Skatteinntekter

Skatteinntektene er lagt inn i samsvar med statsbudsjettet med ei auke på 450.000. Frå 2017 er det lagt inn ei auke med utgangspunkt i aktivitetsauke i samband med Johan Sverdrup utbygginga.

Eigedomsskatt

Denne er fast nominell frem til og med 2017. I 2018 vert det forventa ei auke med utgangspunkt i Johan Sverdrup utbygginga.

Barnehagar

Det vert påreknede inntekter i 2015 etter avtale mellom Austrheim og Lindås. Regjeringa gjev framlegg om å auke maksimalprisen for foredrebetalinga i barnehagar til kr. 2.580,- frå 01.01.15. Dette gjev ekstra inntekt til barnehagane, men det gjev ei reduksjon i rammetilskotet til kommunane med totalt kr. 312 mill.

Samhandlingsreforma

Denne reformen vart innført den 01.01.12 og medførte at Austrheim kommune har overført til helse Bergen kr. 2.700.000,- i 2012 , 2.700.000 i 2013 og i 2014 vil det bli overført kr. 3.200.000,-. Denne ordninga vil regjeringa avskaffe frå 01.01.15 med det resultatet at rammeoverføringa er redusert med kr. 3.068.000,- frå same dato. Kostnaden i 2015 fell då bort.

Inntektssystemet

Austrheim kommune får heller ikkje småkommunetilskot i 2015. Dersom skatteinngongen i 2014 vert 118,2% eller mindre vil kommunen få dette tilskotet tilbake i 2016.

Skjønstilskotet

I 2014 er det to skjønstilskot . Det eine tilskotet er kompensasjon for endring i arbeidsgjevaravgifta. Dette tilskotet er i 2015 satt til kr. 1.600.000,- slik det har vore for 2014. Det andre er eit generelt skjønstilskot som vert tildelt etter tilråding frå fylkesmannen. Dette er i 2015 satt til kr. 1.800.000,-. Altså ei auke frå 2014 med kr. 200.000,-. Saman med Samnanger kommune er Austrheim kommune den einaste kommunen i Hordaland som har fått auke i dette tilskotet. I tillegg har Austrheim kommune fått 300.000,- ekstra i 2014.

Busetjing av flyktningar

Austrheim kommunestyre har vedteke å ta imot 30 flyktningar. Dette gjev eit ekstra tilskot med kr. 1.500.000,- i 2014 og tilskotet for 2015 vil bli kr.6.800.000,- . Vidare auke i mottaket må vurderast. Det er ei mal på 30 flyktningar for å ha flyktingkonsulent.j

Gratis frukt og grønt

Ordninga med gratis frukt og grønt på skular med ungdomstrinnet er avvikla.

5. Økonomisk oversikt historisk.

Figuren viser hovedpostar i rekneskap for åra 2005 – 2013

Økonomiske oversikter Hele 1000 kr	2013	2012	2011	2010	2009	2 008	2 007	2006	2005
Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap
Driftsinntekter									
Brukerbetalinger	12 407	12 297	12 050	11 328	10 795	10 460	9 353	8 470	8 358
Andre salgs- og leieinntekter	14 213	13 436	12 870	12 176	11 665	11 001	11 539	8 672	8 013
Overføringer med krav til motytelse	41 005	39 919	37 164	44 413	40 391	37 551	50 932	31 246	28 616
Rammetilskudd	68 234	65 401	61 407	39 020	39 676	32 676	30 815	25 058	26 067
Andre statlige overføringer	2 073	1 511	1 683	4 005	4 831	4 376	4 350	3 955	3 281
Andre overføringer		3	11	15	8	5	6	4	7
Skatt på inntekt og formue	84 311	81 797	75 512	78 176	69 157	61 305	57 725	58 343	51 110
Eiendomsskatt	12 608	11 354	12 949	12 814	13 279	7 429	8 078	7 116	7 094
Sum driftsinntekter	234 851	225 719	213 645	201 947	189 802	164 802	172 797	142 866	132 546
Driftsutgifter									
Lønnsutgifter	134 323	129 593	123 325	113 290	105 980	95 962	93 761	82 015	78 185
Sosiale utgifter	36 244	32 612	31 438	28 630	27 364	24 779	23 628	20 928	21 768
Lønn og Sos Kostnader	170 567	162 205	154 764	141 920	133 344	120 741	117 389	102 943	99 953
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	27 843	25 853	25 714	26 956	23 714	21 196	19 019	15 098	13 416
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	9 298	9 315	7 875	6 675	5 860	5 768	14 128	5 734	4 907
Overføringer	13 598	16 427	10 143	10 312	8 386	7 954	6 704	6 345	5 884
Avskrivninger	11 003	10 507	10 079	8 853	8 231	7 413	6 909	6 733	6 134
Fordelte utgifter									
Sum driftsutgifter	232 310	224 307	208 575	194 716	179 536	163 072	164 148	136 854	130 294
Brutto driftsresultat	2 541	1 413	5 069	7 231	10 267	1 730	8 649	6 013	2 252
Finansinntekter									
Renteinntekter og utbytte	5 367	5 787	5 819	4 939	5 478	6 697	4 896	3 633	2 008
Mottatte avdrag på utlån	108	101	153	446	212	260	242	437	241
Sum eksterne finansinntekter	5 475	5 888	5 972	5 385	5 690	6 957	5 138	4 070	2 249
Finansutgifter									
Renteutgifter og låneomkostninger	4 689	5 085	5 727	3 748	4 275	7 719	5 511	3 467	3 439
Avdrag på lån	8 864	8 068	7 698	6 308	5 133	4 603	4 415	3 818	2 324
Utlån	75	118	152	103	481	253	175	353	289
Sum eksterne finansutgifter	13 628	13 271	13 577	10 159	9 889	12 575	10 100	7 637	6 052
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-8 154	-7 382	-7 605	-4 774	-4 199	-5 619	-4 962	-3 568	-3 804
Motpost avskrivninger	11 003	10 507	10 079	8 853	8 231	7 413	6 909	6 733	6 134
Netto driftsresultat	5 391	4 537	7 544	11 310	14 299	3 525	10 596	9 178	4 583
Interne finanstransaksjoner									
Bruk av tidl. års regnsk.m.mindref.	5 895								
Bruk av disposisjonsfond	369	6 065	302	1 533	350	400	100		
Bruk av bundne fond	647	998	768	1 805	458	1 219	1 829	329	487
Sum bruk av avsetninger	6 910	7 063	1 069	3 908	808	1 628	3 230	440	487
Overført til investeringsregnskapet	4 934	4 562	5 799	11 079	7 898	1 166	6 771	660	2 512
Dekning av tidligere års regnsk.m.merforbruk							2 676	5 879	1 200
Avsatt til disposisjonsfond	5 904	134	2 588	3 543	4 300	1 792	2 442	100	
Avsatt til bundne fond	1 451	1 009	226	596	2 340	2 195	566	1 677	1 248
Avsatt til likviditetsreserven							1 362		
Sum avsetninger	12 289	5 705	8 613	15 218	14 537	5 154	13 817	8 316	4 960
Regnskapsmessig mer/mindreforb	12	5 895	0	0	570	0	9	1 301	110

6.Rådmannen sine kommentarar til dei einskilde endringane ved rammeområda

Dekka løns- og prisvekst:

Alle rammeområda får dekkja den forventa gjennomsnittlege løns- og prisveksten på 3,0%, der lønsveksten vert rekna til 3,3% og prisveksten til 2,5%.

Ansvar 100 - Rådmannen:

I tillegg til løns og prisvekst er det lagt inn 150 000 til valutgifter. Austrheim kyrkje får 200 000 kr. til sitt 150 års jubileum. Utgifter til IKT Nordhordaland er auka med 200 000 kr. Det er avsatt 150 000 kr. til Grønt arbeid. Dette vert ei fast ordning frå 2015. I tillegg er nokre postar regulert i forhold til budsjettjusteringar i 2014.

Ansvar 101.

På dette ansvarsområdet er godtgjersle til ordførar og andre politikarar ført. I tillegg ligg budsjett for desse her:

- Ungdomsrådet
- Stønad til dei politiske partia
- Kontrollutvalet
- Frikjøp tillitsvalde
- Eldreråd

Det ligg inne kompensasjon for pris- og lønnsvekst.

Austrheim kommune er ein av eigarane i Nordhordland Revisjon IKS. Frå 1.1.2016 bør den kommunale revisjonen konkurransesettast. Rådmannen rår til at Austrheim kommune seier opp avtalen med Nordhordland revisjonsdistrikt med verknad frå den dato. Her vil det bli økonomisk innsparingar. Tenesta bør utlysast og dette arbeid må kontrollutvalet leie.

Sekretariatet til kontrollutvalet for alle kommunane i regionen er i dag ei 50% stilling knytt opp til Nordhordland Utviklingselskap IKS. Ein del andre kommunar nyttar Fylkesmannen som sekretariat. Økonomisk ser det ikkje ut til å vera noko å henta på kvar sekretariatet ligg. Kommunestyret bør vurderer om avtalen med sekretariat skal seiast opp parallelt med revisjonen. Rådmannen har ingen tilråding om ei slik oppseiing i denne omgang.

Ansvar 190.

Følgjande ligg i dette ansvarsområdet:

- Lærlingar
- Servicekontoret

Lønn lærlingar er auka med 400 000 kr. I tillegg er ansvarsområdet styrka med 500 000 for å tilby lærlingeplass. Rådmannen vil søkja om tilskot frå KS til lærlingar, tidlegare har kommunen fått slikt tilskot.

Ansvar 200 – Administrasjon undervisning:

Området femnar om utviklingsprosjekt for skulane og barnehagane, etterutdanningsprosjekt for lærarane, morsmålsopplæring og vaksenopplæring.

Forutan løns og prisvekst er det lagt inn 402 000 som auke i driftsrammen, samtidig som utgifter til framandspråk er auka med 150 000 kr.

Ansvar 201 – Familiekontor:

Det har vore ein auke dei to siste åra som skuldast tiltak innan barnevernet. Det er lagt opp til at denne kostnaden også skal auke med 600 000 kr. i 2015. Utgifter til barnevern og auke i tilflyttinga gjer at den tildelte ramma kan bli for liten.

Ansvar 210 – Årås skule/SFO:

I tillegg til løns og prisvekst er det lagt inn auke når det gjeld valfag på 75 000 kr. Det er lagt inn pengar til auke i spesialpedagogiske timar og klassedeling. Rammeynskje er 24 millioner kroner. Tildelt ramme er 23 171 000 kroner. Dette vil mellom anna føra til reduksjon i tilbodet til flyktningar.

Ansvar 211 – Kaland skule/SFO:

I tillegg til løns og prisvekst er det lagt inn auke når det gjeld valfag på 75 000 kr. Det er auke i talet på elever. Rektor vil ha klassedeling i mat/helse, symjing og K&H. Det vert tilført midlar til deling i mat og helsefaget. Grunnen er at 3. etasje i Kaland 1 ikkje bør ha større elevgrupper enn 16 elevar. Dei andre delingstimane vert ikkje innvilga. Ramma som er tildelt kan gå, men det vert vanskeleg.

Ansvar 220 – Årås barnehage:

Her er det kun lagt inn løns og prisvekst. Kan gå, dersom nye ynskje om stillinger går ut.

Ansvar 221 – Kaland barnehage:

Her er det kun lagt inn løns og prisvekst og ei auke i løn. Den tildelte ramma gjer at det vert store endringar innanfor dette ansvarsområde. Blant annet ser det ut til at ei avdeling må stengjast frå nytt barnehageår.

Barnehagane gir tilbakemelding på at rammene vil føra til at ein frå barnehageåret 2015-16 berre kan oppfylle den statlege plikta til barnehageplass. Ordninga med to opptak og opptak utover dei som lovmessig har rett på plass, er det ikkje rom for.

Ansvar 250 – Kulturskule

Det er lagt inn løns og prisvekst. Ingen vert sagt opp, men dette fører til kutt i tilbodet i kulturskulen.

Ansvar 251 – Bibliotek

Det er lagt inn løns og prisvekst.

Ansvar 255 – Anna kultur

Midlar til kulturlandskap vært vidareført med 50 000 kr. Elles er det ingen annan auke enn kompensasjon for lønns- og prisvekst. Det er ikkje tatt inn auke i tilskot til Samfunnshuset.

Ansvar 290 – Undervisnings- og arbeidssenter:

Det er ingen annan auke enn kompensasjon for lønns- og prisvekst. Dette ansvarsområdet får trekk i ramme fordi personale frå ansvar 333, Heimeteneste II tar vakter på arbeidssenteret.

Ansvar 300 – Administrasjon helse- og sosial:

Midlar til budstادتilskot vert vidareført med 175 000 kr. Elles vert det vanleg auke i kompensasjon for løns og prisvekst. Det må tilførast pengar frå folkehelsefond for å dekkja utgifter der. Grunnen er at tilskotet frå fylket er halvert til 75 000 kr.

Ansvar 301 – Helseavdelinga:

Forutan løns og prisvekst er det lagt inn ein auke på 300 000 kr. som skal nyttast under avvikling av avtalebestemt studiepermisjon for legane frå 1. september 2015. Avdelinga ynskjer å føre vidare permanent stilling på 60 % helsesekretær. Rådmannen innstiller på å auka denne med 40%.

Ansvar 302 – NAV/Sosiale tenester:

Dette ansvarsområdet får kompensasjon for lønns- og prisvekst og ei generell auke på kr. 200.000,-. Rådmannen har bestemt at alle inntekter frå flyktningar skal først på rammeområde 900 frå 2015 av, der bl.a skatteinntekter og rammetilskudd blir ført. I 2014 er inntekter frå flyktningane ført bl.a på NAV/Sosiale tenester. Når desse inntektene i 2015, vert ført på område 900, er ramma auka med 1 640 000 kr. på ansvar 302. Avdelingsleiar er usikker på om arbeidsløyse og sosialstønad vil auke i 2015.

Ansvar 330 – Nordliheimen

Dette ansvarsområdet får kompensasjon for lønns- og prisvekst. Tildelt ramme ligg noko under prognosen for 2014 og ca. 2 millioner kroner under rammeynskje for 2015. Avdelingsleiar kan ikkje sjå at ho skal klare seg med tildelte ramme. I tillegg trengs det oppussing i avdelinga bygd på 1980-talet. Rådmannen legg ikkje inn auke i stillingane det vert søkt om.

Ansvar 331 – Kjøkken (herunder Vaskeri)

Dette ansvarsområdet får kompensasjon for lønns- og prisvekst ei auke i løn på kr. 100.000,-. Tildelt ramme ligg noe under rammeønske. Det er ikkje rom for stillingsauke her.

Ansvar 332 – Heimeteneste I (Heimehjelp og Heimesjukepleie)

Dette ansvarsområdet får kompensasjon for lønns- og prisvekst. Det er også lagt opp til auke i midlar for eldrevekst med 400 000 kr. Det er alikvel stor avstand mellom rammeynskje og tildelt ramme.

Ansvar 333 – Heimeteneste II (ulike tiltak PU-tenesta)

Dette ansvarsområdet får kompensasjon for lønns- og prisvekst og ei auke med kr. 100.000,-. Her er det også et stort avvik mellom rammeønske og tildelt ramme. Fleire tiltak må kuttast og reduserast dersom ramma for 2015 skal haldast. Avdelingsleiar har laga ein liste på tiltak. Rådmannen og avdelingsleiar vil i dialog gå gjennom kva kutt som må gjerast.

Ansvar 500 – Plan, byggesak, miljø

Dette ansvarsområdet får kompensasjon for lønns- og prisvekst. I tillegg er det lagt opp til 600 000 kr. i auka inntekter i 2015. Det er et forholdsvist stort avvik mellom ønsket ramme og tildelt ramme. Avdelingsleiar meiner at auka i inntektene ikkje er realistiske.

Ansvar 501 – Interkommunal landbruk/veterinær

Ovennevnte ansvarsområde er eit samarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje og Radøy. Tildelt ramme for 2015 er redusert med 350 000 kr. i forhold til ramma for 2014. Det er såleis kutta det tilskotet som Austrheim har hatt dei siste åra til tiltak i landbruket. Utgiftene til lønn og drift av kontoret ligg inne.

Ansvar 600 – Tekniske tenester

Dette ansvarsområdet får kompensasjon for lønns- og prisvekst. Det er lagt inn at avdelinga skal auka inntening av gebyr med 400 000 i 2015. I tillegg er utgiftsrammen redusert med 400 000 kr. Det er også lagt inn 25 000 kr til drift av veglys. Det som avgjer om tildelt ramme kan haldast er kor mykje forbruk av straum vi får, kor store snømengdar vi får i vinter og kor mykje vi brukar på vedlikehald av vegane.

Ansvar 604 – Bygg og anlegg

Dette ansvarsområdet får kompensasjon for lønns- og prisvekst. Det er lagt inn ein auke på husleigeinntekter med 300 000. I tillegg er det lagt inn en generell auke i ramma på 1 000 000 kr. Til tross for dette ligg tildelt ramme en god del under ønsket ramme. Dette vil føre til at ting som vert øydelagt, ikkje vert ordna. Det vil gå utover drift av ungdommens hus og klubbhus.

Ansvar 605 – Reinhald

Dette ansvarsområdet får kompensasjon for lønns- og prisvekst og ei flat auke på kr. 100.000,-. Det er eit stort avvik mellom rammeynskje og tildelt ramme. Avdelingsleiar har laga ein kuttliste for å klare å halde ramma. Ramme fører til at reinhaldet i bygg må reduserast.

Ansvar 800 Tilleggsøyvingar – Næringsutvikling

Løyvinga til næringsutvikling er bunde opp til den felles satsinga saman med Lindås kommune. Midlar til industriinkubator (125 000 kr), samfunnsutviklar/nærings sjef (450 000 kr.), Austrheim heile livet (300 000 kr.) og utviklingsprosjekt næringsutvikling (150 000 kr.) er vidareført i 2015.

Ansvar 801 – Tilleggsøyvingar formannskapet:

Formannskapet si løyving står med 250 000 tusen kr.

Ansvar 802 Tilleggsøyvingar - Kommunestyret

Kommunestyret si løyving står med 351 000 kr.

Ansvar 803 Tilleggsøyvingar – Rådmann

På dette ansvarsområdet er ført fleire større og mindre driftspostar.

Postar som er registrert i 2015 er fylgjande:

• Næringsforum	50 000 kr.
• Kurs og velferdsmidlar	100 000 kr.
• Diverse seniortiltak og arbeidsmiljøtiltak	100 000 kr.
• Effekt av seniortiltak/sluttpakkar	200 000 kr.
• Arbeidsmiljøtiltak	100 000 kr.
• Tilflyttarprosjekt	150 000 kr.
• Eigendel prosjektarbeid	50 000 kr.

Ansvar 804 Tilleggsøyvingar – Til ordførar sin disposisjon

Summen på 50 000 vert vidareført.

Ansvar 899 – Andre overordna utgifter og inntekter:

Det er vedteke eit årleg tilskot på kr. 200.000,- til Furuly eldresenter til bygging av 4 leiligheter. 2013 var første året dette tilskotet vart ytt. Kompensasjonstilskotet til Sætremarka Burettslag vert ført her med 200 000. Premieavviket på KLP vert ført som ei inntekt i dette ansvarsområdet, mot ei utgift art 15404.

Ansvar 900 – Samhandlingsreformen

Medfinansieringa til sjukehusreformen er tatt bort som utgift i 2015. Dette skyldes at den er ute av rammetilskuddet i 2015.

7. Utvikling i netto driftsresultat:

Oppsummert viser rådmannen til tabellen frå årsmeldinga for 2013, der utvikling i netto driftsresultat er synleggjort:

Som det går fram av denne tabellen, har Austrheim kommune hatt gode kår og/eller rimeleg bra kontroll på økonomien i ein god periode.

Målet er å aldri hamna i same situasjon som i første del av 2000-talet. Derfor har budsjettsaka også fokus på det signaliserte inntektsnivået for heile planperioden.

Gjeld og rentenivå:

Austrheim kommune har pr. 31.12.13 kr. 38 897 618,- i forvaltningslån og kr. 188.690.520,- i eigne lån gjennom Kommunalbanken. I dag ligg Husbanklåna på 2,286% rente medan låna i Kommunalbanken ligg på 2,250% rente.

Snittnivået på lånerenta i Kommunalbanken har på 2000-talet vore svært varierende:

- 2005 = 2,2%
- 2008 = 6,0%
- 2011 = 2,9%
- 2013 = 2,2%
- 2014 = 2,2%

Norges Bank sine siste rentesignal tyder på at dagens rentenivå vert lavere i framtida.

Både renteutgifter- og inntekter i økonomiplanen er etter dette basert på følgjande snittrentenivå:

- 2012: 3,50%
- 2013: 3,75%
- 2014: 2,20%
- 2015: 2,00%
- 2016: 2,00%

I budsjettplanen har vi ingen buffer for 2015, men i åra 2017 -2018, har vi gradvis auka rentene. Kvar 0,5% auke utgjer om lag 1,0 mill. i endra renteutgifter. For 2015 er det lagt opp til ei rente på 2,0 %.

8. Investeringar:

Følgjande investeringar ligg inne:

- Skulane treng løpande IKT-investeringar, og det vert øymerkt 150 000 av den årlege IKT-løyvinga til dette føremålet.
- Der lagt inn 150 000 til anna IKT-investering.
- Det er lagt inn kr. 240.000,- til investering i IKT- Nordhordland.
- Det er lagt inn 100 000 til kartlegging, dette vert nytta til innkjøp og oppjustering av kommunen sitt kartgrunnlag.
- 300 000 er lagt inn til vinterhage på Nordliheimen. Dette vert gjort for å få til skjerma uteplass.
- 200 000 er lagt inn til å byggja eit vedhus til arbeidssenteret. Dei har etter måten ein større produksjon av ved, som treng tørr lagring.
- Det er lagt inn 1 million til eit fornyingsprogram på avløpsstasjonar på kloakkleidningane. Fleire av stasjonane er modne for utskifting.
- Programmet for vedlikehald av skulane er vidareført med 7,0 mill. Det er ventilasjon Årås skule som vert prioritert i 2015. Parallelt vert det henta inn anbod på tak, vindauge og veggjar på skulen.
- Kommunen har fått tilsagn om 500 000 frå fylket til sentrumsparken. Det er lagt inn 1,2 million som kommunal del for å få ferdig prosjektet i 2015.
- Omsorgsbustadene på Kaland er sett opp med 2 mill. i 2014 og 5 mill i 2015.
- Det ligg inne stadfesting på nytt kommunestyret sitt tidlegare vedtak på 0,75 million til breiband. Austrheim fekk ikkje av den siste statlege løyvinga hausten 2014. Med den første utbygginga kan ca 60% av innbyggjarane knyta seg til fiber. Denne utbygginga bør halda fram i åra som kjem.

- Tekniske tenester som asfaltering og trafikksikring etter plan er lagt inn med tilsaman 1 mill.
- AHL-prosjektet kaiar i Austrheim har fått tildelt 400 000
- Det er lagt inn 500 000 til bygging av kai i Åråsvågen. Gjennom AHL-prosjektet har vi fått tilsagn om 370 000 frå fylkeskommunen. Dette er ein prosjekt der kommunen går inn med anleggsbidrag.
- Trafikksikring på Fønnes får ei løyving på 500 000 i 2015, det same som er sett av i 2014. Det vert tatt stilling til disponeringa gjennom områdeplanen for Nordre Fønnesvågen.
- Gangveg på Kaland er sett opp med 600 000. I tillegg reknar ein inn i summen sal av to tomter som kommunen eig. Dette er området nede på Kalandsneset.
- Det er lagt inn investeringstilskot til Soknerådet med 300 000
- Gjennom Husbanken si Startlån-ordning vert det søkt om 500 000.
- I tillegg vert det søkt Husbanken om ei utlånsramme til vidare utlån til prioriterte grupper på 2 million.

Sum investeringar er 18 090 000 kr. Ordinert låneopptak vert på 16 290 000. 1 million er finansiert med tilskot og pengar frå Trafikksikringsprisen. 800 000 er overført frå drift.

Kommunen har til gode ca 3 mill frå statleg lånemidlar til skulebygg. Desse bør nyttast på tiltak som ikkje kan dekkast inn under investering. Dei midlane er ikkje lagt inn i budsjettet.

9. Vurdering:

Kommunen har slikt mål for økonomien:

- **Ta vare på og auka den økonomiske handlefridomen**
 - Fokus på prosessar, økonomireglement, økonomisk planlegging, rapportering og budsjett disiplin
 - Det skal arbeidast for til ei kvar tid å få eit driftsresultat på min. 3% av samla driftsinntekter.
 - Kommunen skal ikkje hamna i Fylkesmannen si betinga kontrolliste (ROBEK).
 - Økonomien skal planleggast og styrast slik at det ikkje vert naudsynt med driftsreduksjonar for driftsåra 2014-2018
 - Utvikla tenestetilboda med utgangspunkt i ei nøktern økonomisk ramme
 - Styre drifta slik at ein unngår bruk av overtidsbetaling

2014 var andre året der avdelingsleiarane og dei andre budsjettansvarlege arbeidde fram månadlege budsjett rapporteringar til rådmannen. Dette har ført til endå betre budsjettstyring enn tidlegare. Økonomisjefen har samanfatta rapportane og gitt status kvar månad til formannskapet. Rådmannen har utarbeidd tertialrapporteringar til kommunestyret. Politkarane har hatt fleire innspel på korleis dei ynskjer at desse rapportane skal sjå ut og kva dei skal innehalda. Rådmannen håpar fokus hos politkarane også har vore på budsjettstyring gjennom desse rapportane.

Rådmannen vil saman med organisasjonen arbeida fram rapportar etter same malen i 2015 og. Målet er å få god og sunn økonomisk styring. Rådmannen meiner at systemet etter kvart bør vera at dei månadlege rapportane vert administrativt rutine og styringsapparat. Tertialrapporteringane vert rutine og styring inn mot politisk nivå.

2015 blir eit år med nedskjæringar i forhold til rammene som avdelingane bad om. Rådmannen ser derfor 2015 som eit år som krev ekstra stort fokus på økonomistyring gjennom året.

I høyringsutkastet til Samfunnsdelen i Kommuneplanen står følgjande under kapitlet. «Økonomiske rammes.»

Mål:

- Reduksjonar skal ikkje senka kvaliteten på tenester
- Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntekter
- Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing
- Støtta rasjonalisering gjennom bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem.

Strategi:

- Austrheim kommune har gode kår og skal framleis ha bra kontroll på økonomien.
- Det skal fokuserast meir på effektivisering og rasjonell drift.
- Naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.
- Budsjetttrammene frå 2015 -17 skal haldast omlag på same nivå som for 2014.
- Det skal takast høgd for ei viss renteauke framover.
- Handlingsdel til kommuneplan vert å integrera i økonomiplan og skal oppdaterast kvart år.

Det siste punktet om handlingsdel til kommuneplan vil verta ein integrert del av økonomiplanen ved første rullering etter at planen er vedtatt.

Punkta ovanfor gjev utfordringar til organisasjonen. Kommunale tenester består i stor grad av tilsette som med sin arbeidsinnsats gjev tenester inn mot innbyggjarane. Å redusera tal på hender i tenesteapparatet fører til store utfordringar med å kunna gi same nivå på tenestene slik det er nedfelt i eit av måla. Problemstillinga vert:

Korleis bli meir effektiv ved færre varme hender rundt dei ein har ansvar og omsorg for?

Rådmannen vil måtte fylgja opp dette i nært samarbeid med avdelingsleiarane. Rammene betyr kutt i velferdstilbodet. Dette betyr igjen at rådmann og politikarar må stilla opp og forsvara kutta innbyggjarane opplever.

Austrheim heile livet:

Ein del av måloppnåinga vert og lagt inn i «Austrheim heile livet.» Kommunen har gjennom dette samfunnsutviklingsprogrammet, sett i gang ein del prosjekt og fått tilført ein god del prosjektmidlar.

Av midlar som er kome gjennom prosjektet kan nemnast:

- Austrheim Heile Livet, drift. Tilsegn om 975.000 frå HFK 2013-15. (2013)
- Saman om ein betre kommune. Tilsegn om 900.000 frå KMD 2013-15. (2012)
- Utbygging av breiband. Tilsegn om 1,6 mill. frå HFK. (2013)
- Forprosjekt, Sentrumspark. 95.000 frå HFK. (2013)
- Etablering sentrumspark. Tilsegn om 500.000 frå HFK. (2014)
- Kai-prosjektet, Mastrevikane. 70.000 frå Sparebanken Vest. (2013 + 2014)
- Etablering av ladestasjonar Mastrevik Torg. 50.000 frå HFK. (2014)
- Tettstadmidlar. 3D-modelleringsverktøy. 100.000 frå HFK (2012)
- Kai, Kystlandsbyen. 370.000 frå Fylkesmannen. (2014)

I tillegg har prosjektet medverka til:

- 370.000 til Fønnes bygdelaag sitt LivOgLyst-prosjekt (1 årig + 3 årig prosjekt). (2012+ 2013)

Dette viser at prosjektet er livskraftig og har vore med på å oppfylla målet vårt på:

- **Auka fokus på prosjektarbeid**
 - Samarbeid med t.d. næringslivet om utvikling av tenesteyting
 - Fokus på nye metodar for oppgåveløysing. Finna positive prosjekt og alternative finansieringskjelder

Rådmannen vurderer budsjettet for 2015 til å vera eit stramt budsjett som krev oppfølging og effektiviseringstiltak.

10. Økonomiplanen 2015-2018.

Budsjettrammene i økonomiplanen frå 2015 til 2018 på om lag same nivået som i 2015, bortsett frå eigedomskatten, som er lagt inn med ein relativ stor auke frå 2018. Det er lagt opp til ein auke i renteutgiftene i åra framover. Dersom rentene ikkje aukar, vil det vera ein «reserve» i økonomiplanen. Dersom renta stig meir enn lagt inn, vil det på same vis bli trongare rammer til fordeling. Det må bli ei oppgåve framover å rasjonalisera drifta. Ei utfordring som kommunen vil oppleve, er krav til utbygging av eldretenesta. Det vil vera behov for auke i heimetenestene knytt til eldre. Det vil og vera eit behov for tilrettelagde, rimelege og sentrumsnære senior- og omsorgsbustader både i kommunesenteret og på Kaland/Fønnes.

Austrheim kommune har satsa og må satsa spesielt på oppvekstsektoren. Gode barnehagar, gode skular og gode kultur- og fritidstilbod er grunnsteinane i det å få til ein god oppvekstkommune. Det vert jobba godt i å utvikla alle desse delane av organisasjonen.

I tillegg har kommunen store oppgåver gjennom vedlikehalds- og rehabiliteringsprogrammet for skulane. Det ligg store utbyggingsoppgåver framover i VA-planen som skal opp til politisk handsaming.

Rådmannen vil vektleggja at den kommunale organisasjonen har store oppgåver framføre seg i økonomiplan-perioden. Til å få løyst desse oppgåvene har kommunen ein godt fungerande organisasjon som grip fatt i dette på ein god måte.

11. Konklusjon – Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Budsjett 2015 – Økonomiplan 2015-2018, vert vedteke slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde åra:

Rammeområde	2015	2016	2017	2018

2. Total ramme for 2015 til fordeling drift vert kr. 170.901.000

3. Nettorammene på dei einskilde ansvarsområda vert fastsett til (alle tal er oppført i 2015-kroner):

Rammeområde	2015	2016	2017	2018

100	Rådmann	17 031	16 683	16 831	16 831
101	Politisk styring og kontrollorgan	3 390	3 390	3 390	3 390
190	Interne serviceeiningar til fordeling	4 740	4 740	4 740	4 740
200	Adm.undervisning og kultur	1 687	1 687	1 687	1 687
201	Familiekontor	8 884	8 584	8 284	7 984
210	Årås skule	23 171	23 171	23 171	23 171
211	Kaland skule	12 877	12 877	12 877	12 877
220	Austrheim kystbarnehage	12 851	12 851	12 851	12 851
221	Kaland barnehage	8 623	8 623	8 623	8 623
250	Musikk og kulturskule	1 607	1 607	1 607	1 607
251	Bibliotek	1 451	1 451	1 451	1 451
255	Anna kultur	2 404	2 454	2 504	2 504
290	Undervisn./arbeidssenter	1 657	1 657	1 657	1 657
300	Adm. Helse/sosial	522	522	522	522
301	Helseteneste	7 554	7 554	7 554	7 554
302	Sosiale tenester	3 887	3 887	3 887	3 887
330	Nordliheimen	22 000	22 000	22 000	22 000
331	Kjøkken/vaskeri	3 564	3 564	3 564	3 564
332	Heimetenester I	9 786	9 786	9 786	9 786
333	Heimetenester II	7 811	7 811	7 811	7 811
500	Plan, byggesak, miljø	2 229	2 279	2 329	2 329
501	Interkomm.landbruk/veterin	600	600	600	600
600	Tekniske tenester	-1 722	-2 122	-2 522	-2 522
604	Eigedomsavdeling	9 378	9 378	9 378	9 378
605	Reinholdsavdeling	5 112	5 122	5 122	5 122
800	Tilleggsøyvingar-Næring	875	625	125	125
801	Tilleggsøyvingar-Formanns	250	250	250	250
802	Tilleggsøyvingar-K.styret	351	351	351	351
803	Tilleggsøyvingar-Rådman	750	725	600	600
804	Tilleggsøyving - Ordførar	50	50	50	50
899	Andre overordna utg./innt.	-2 819	-2 419	- 2 019	- 1 619
900	Momsrefusjonsordninga	175	175	151	151
900	Sammhandlingsreformen	0	0	0	0
	Til fordeling drift	170 726	169 903	169 202	169 352

4. Den totale investeringsramma for år 2015 vert sett til kr. 18.090.000.

Som vert finansiert som følger:

Ordinært låneopptak:	16.290.888
Overføring frå drift-Investeringsstilskot sokneråd	300.000
Overføring frå drift-netto avdrag på utlån	500.000

I tillegg vert det tatt opp fylgjande lån:

Lån til vidare utlån	2.000.000
-----------------------------	------------------

Vekta avdragstid på låneopptak for 2015 vert fastsett til 25 år

5. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av saksutgreiinga. Måla er under revisjon og kan bli endra ved seinare kommunestyrevedtak.
6. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversiktar, med bakgrunn i gjevne driftsrammer.
7. I medhald av eigedomsskattelova §§3 og 4, vert utskrivninga av eigedomsskatt på verk og bruk vidareført i 2015 med 7,0 promille.
8. Marginavsetnaden vert fastsett til 11%.
